



Notat

Dato: 19.08.2019
Arkivsak: 2019/10150-15
Saksbehandlar: benutne

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Fv 567 Hosanger sentrum - Svar på brev frå Lars Mjøs av 04.06.19

Bakgrunn

Dette er oppfølging av sak PS62/2019 i kontrollutvalet 12.06.19 der det vart gjort følgjande vedtak:

- 1. Kontrollutvalet tek informasjonen frå fylkesrådmannen til orientering.*
- 2. Vidare ber kontrollutvalet om at fylkesrådmannen sender kopi av svaret frå Statens vegvesen til Lars Mjøs, til utvalet innan 19.08.2019.*

Statens vegvesen Region vest (SVV) har laga eit notat av 19.08.19 (vedlegg 1) som svar på Mjøs sitt notat av 05.11.2018 «*Nokre refleksjonar/innspeil til evaluering av omlegginga av fylkesveg 567 gjennom Hosanger*». Dette notatet sender SVV til Mjøs den 20.08.19.

Statens vegvesen har vidare laga eit notat på rapporteringar frå prosjektet (vedlegg 2).

Fylkesrådmannen legg også ved svaret til kontrollutvalet 12.06.19 (vedlegg 3).

Vidare har Lars Mjøs sendt eit nytt brev/notat til kontrollutvalet av 04.06.19 med seks spørsmål/kommentar (vedlegg 4). Denne meldinga frå fylkesrådmannen svarar på brevet/notatet.

I tillegg har Gaute Røsland sendt eit brev (vedlegg 5) til kontrollutvalet datert 26.05.19, der han klagar på massehandtering og deponering utført av entreprenøren Vassbakk og Stol AS. Fylkesrådmannen vel ikkje å gå nærare inn i denne problemstillinga, og legg til grunn at det blir teke hand om av Statens vegvesen i den oppfølginga dei har med den aktuelle entreprenøren.

Svar på spørsmål frå Lars Mjøs, notat av 04.06.19

Spørsmål 1: Fylkesrådmannen som bestillar

Eg hadde ynskt at Fylkesrådmannen i dette notatet gjekk inn på eiga rolle som bestillar. Hordaland fylkeskommune har hjå SVV bestilt ei omlegging av fv 567 gjennom Hosanger. Korleis har fylkeskommunen

følgd opp at dei får det som er bestilt med omsyn til kvalitet, kostnad og tema som fylkeskommunen har stort fokus på? Ei eigenevaluering frå SVV si side ville vere eit nyttig grunnlag, men eg reknar med at fylkesrådmannen gjer ei sjølvstendig vurdering, ikkje minst i eit prosjekt som dette med kostnadsoverskriding.

SVAR FRÅ HORDALAND FYLKESKOMMUNE:

Dette er ein «kortversjon» av ordninga om SAMS vegadministrasjon: Ordninga med SAMS vegadministrasjon, som varar ut 2019, går ut på at Statens vegvesen utfører arbeidet på fylkesvegnettet på vegner av fylkeskommunen som vegeigar. Ein viktig føresetnad for ordninga er at ho skal vera effektiv, og at det **ikkje** skal vera dobbel administrasjon. SVV har den faglege kompetansen og ressursane, SVV utfører/får utført planlegging/prosjektering og den offentlege anskaffinga, dei følgjer opp prosjektet i alle faser, fører rekneskap, rapporterer mv.

SVV rapporterer til HFK gjennom tertialrapportane og årsrapporten. I tillegg har *fylkesvegrådet*, som er den viktigaste arenaen for samhandling mellom SVV og HFK, møte omlag månadleg. I fylkesvegrådet møtest utvalde fagpersonar og leiarar frå HFK og SVV. Det er etablert ei ordning med eigarstyring av større prosjekt, men prosjektet Hosanger sentrum var starta opp før denne ordninga kom i gang.

Generelt har HFK opplevd at SVV har for liten kapasitet til å oppfylle alle rapporteringskrava. HFK opplever at SVV dei seinare år har færre folk til minst like mange oppgåver som før. HFK opplever generelt at SVV løyser «bestillingane» frå fylkesrådmannen innafor SAMS vegadministrasjon på ein god måte.

Bestilling frå HFK: Eit tiltak/prosjekt på fylkesveg kan oppstå på ulike måtar. Vanlegvis er det dialog mellom kommunen, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune. Når prosjektet er utgreidd og det ligg føre finansieringsplan/forslag, blir prosjektet tatt inn i fylkesrådmannen sitt budsjettforslag for dei aktuelle åra.

Det kan nemnast at SVV har over 400 større og mindre prosjekt på fylkesvegane i Hordaland, så det seier seg sjølv at HFK verken kan, eller skal ha, kapasitet til å følgja opp alle prosjekt. Vi kan også leggja til at HFK har fokusert meir på, og lagt meir arbeid i planfasen av prosjekta, framfor utbyggings- og avslutningsfasen. Når det er sagt er evalueringar av prosjekt alltid nyttig, og spesielt der ein kan trekkja lærdom av forhold som kan gjerast betre.

Spørsmål 2: Fylkesrådmannen tek ikkje opp temaet universell utforming

Fylkeskommunen har stort fokus på universell utforming. Sjå «Regional plan for folkehelse 2014 – 2025. Handlingsprogram 2018-2021. Delmål 1.4 Hordaland skal vere eit universelt utforma samfunn innan 2025.» Korleis sikrar fylkeskommunen at dette vert ivareteke i eige utbyggingsprosjekt? (Jfr mitt punkt 1. Manglande universell utforming.) Kvifor omtalar ikkje fylkesrådmannen dette i sitt notat?

SVAR FRÅ HORDALAND FYLKESKOMMUNE:

Viser til svaret på spørsmål 1. SVV har ansvaret gjennom SAMS vegadministrasjon, og HFK legg til grunn at alle krav på området blir følgt.

Spørsmål 3: Fylkesrådmannen omtalar ikkje tema som Fylkeskonservatoren har ansvar for

Fylkeskommunen har eit fagleg ansvar gjennom Fylkeskonservatoren. Korleis sikrar fylkeskommunen at dette vert ivareteke i eige utbyggingsprosjekt i eit område som er verna gjennom regulering? (Jfr mine pkt 2.

2 naust som vart flytta, 3. det kraftige og dominerande stålrekkverket, 12. stabbesteinar, 14. Avkøyrsla/fyllinga for veg til Refsneset og 15. Kva «godkjenning» av skjeringa m.o.t. natur- og kulturmiljø ligg føre?). Kvifor omtalar ikkje fylkesrådmannen dette i sitt notat?

SVAR FRÅ HORDALAND FYLKESKOMMUNE:

Fylkesrådmannen ved samferdselsavdelinga legg til grunn at SVV har ansvaret for dette, og viser til vedlagte notat frå SVV.

Kommentar/spørsmål 4:

SVV sitt konkurransegrunnlag gjev svar på fleire av mine spørsmål

Elles har eg no også sett litt på SVV sitt Konkurransegrunnlag, Prosjekt: Fv 567 Hosanger.

(Tilbudsnummer: 2014/057797) som eg legg ved.

Mitt pkt 4. Nedgraving /ikkje ivaretaking av matjord har eg no funne svar på i konkurransegrunnlaget side D1-15 «AVTAKING AV VEGETASJONSDEKKE OG MATJORD. Omfatter utgraving, opplasting, transport og tipping av vegetasjonsdekke og matjord. Omfatter også evt. mellomlagring eller sideforflytning i ranke der dette er aktuelt. Omfatter også evt. ugressbekjempelse av matjord. Prosessen gjelder overalt hvor vegetasjonsdekke eller matjord finnes innen vegområdet, på arealer som skal benyttes for tilrigging, anleggsveger, sidetak, materialtak og tipp, samt for alle områder hvor det skal utføres skjæring og under fylling uansett fyllingshøyder og uansett skråning av terrenget, eller i henhold til plan. Unntatt er eventuelle arealer angitt i den spesielle beskrivelsen. Oppgitt 2.000 kubikkmeter.» Handsaming av matjorda er spesifisert nærare på sidene D1 58-63: «UTLEGGING OG BEARBEIDING AV JORD Omfatter levering og arbeider med utlegging og finplanering av jord, bearbeiding av jord, jordforbedring og gjødsling. Omfatter også fjerning av ugras i perioden fra utlegging av jord og fram til såing/planting.» Handsaminga av matjorda var ikkje i samsvar med spesifikasjonane i konkurransegrunnlaget (som er mykje meir omfattande enn det eg har referert her).

Til mitt pkt 17. Høymoler. Manglande stell. Ugras vert omtalt fleire plassar i konkurransegrunnlaget; på side D1-62 står t.d: «Ugras i vekst på såflaten skal fjernes før tilsåing utføres.»

SVAR FRÅ HORDALAND FYLKESKOMMUNE:

Fylkesrådmannen har ingen kommentarar, og viser til vedlagt notat frå SVV.

Spørsmål 5: Trafikkfarleg vegkryss

Mange er opptekne av dei farlege situasjonane som oppstår ved vegkrysset mellom fylkesvegen og Øvsthusvegen, både den dårlege sikta som eg har påpeikt i mitt notat (pkt 13. Blindhed ved Tinghaugane), men også at det har lett for å bli glatt i nedste delen av Øvsthusvegen og at krysset er slik utforma at du lett sklir heilt ut i fylkesvegen.

SVV starta i 2013 arbeid med ny reguleringsplan for vegomlegginga. Kvifor vart dette arbeidet avslutta og den gamle planen frå 2001 nytta?

Føremål med planarbeidet var:

«Utgangspunktet for reguleringsendringa er å justere vegbana i tråd med dagens krav, utforming av busstopp og vurdering av avkøyrslar. For å ha høve til å ekspropriere grunneigedom på bakgrunn av plan, må vedtak av reguleringsplan vere nyare enn 10 år, jf pbl §16-2. Ettersom gjeldande plan er vedteke i 2001 vil det vere naudsynt med eit nytt planvedtak for å ha moglegheit til ekspropriasjon for å kunne realisere vegprosjektet.

I gjeldande plan er det ei eldre smie på gbnr 89/5. Området er verna etter plan- og bygningslova. Ved bygging av ny veg vil verna område i form av ein haug bli ståande igjen. Dagens veg vil nyttast som gangveg, medan fylkesvegen ligg på andre sida av haugen. Statens vegvesen vurderar dette til å ikkje vere ei god løysing med tanke på trafikktryggleiken. Det vil verte vurdert å legge til rette for gangveg langs ny veg.»

Nytt moment

For dei som er høge, er det stor fare for å stange i skiltet over fortauet vis a vis avkøyringatil Tveitavegen. Brøytetraktoren får ikkje brøyta under skiltet; han må ut i køyrebana for å kome forbi. I Konkurransesgrunnlaget D1 72 står at for trafikkskilt over gangveg/portau skal det vere ei minste høgde på 2,5 m til underkant av skiltet. Her er det berre 2 m.

SVAR FRÅ HORDALAND FYLKESKOMMUNE:

Fylkesrådmannen viser til vedlagt notat frå SVV.

Fylkesrådmannen vil også minna om at vi har eit **svært stort vedlikehaldsetterslep** og mange trafikkfarlege punkt og strekningar på fylkesvegnettet. SVV og HFK prioriterer etter beste evne dei aller viktigaste punkta innfor tilgjengelege rammer. Både SVV og HFK får mange brev/epostar/telefonar frå publikum om «sin» veg, og svarar på alle.

Når det gjeld prioriteringar for større og mindre tiltak på fylkesvegar får vi innspel frå entreprenørar, kommunar, bedrifter og privatpersonar. SVV sine ekspertar, og faggrupper med deltakarar frå SVV, HFK, Skyss og Trygg trafikk foreslår prioriteringar. Budsjett og investeringsprogram/handlingsprogram for fylkesvegane vert lagt fram til politisk godkjenning.

Spørsmål/kommentar 7:

Rår til uavhengig gransking

Sidan det ser ut til å vere mange avvik og med bakgrunn i at fylkesrådmannen ikkje syner til/ dokumenterer eige oppfølging av vegomlegginga, vil eg rå til at Kontrollutvalet gjennomfører ei uavhengig gransking.

KOMMENTAR FRÅ HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Ved denne gjennomgangen er det lett å sjå at planlegging, bygging og oppfølging av prosjektet Hosanger sentrum kunne vore gjort betre. Det starta med eit kostnadsanslag på 16 mill kr, og enda opp med ein kostnad på omlag 55 mill kr (jamfør vedlegg 2). Det er mange grunnar til dette, og det meste kjem fram i desse svara. Desse erfaringane tek vi med oss som læring i tida framover.

Vi står overfor store omorganiseringar innan fylkesvegområdet frå 1.1.2020 med overføring av Sams vegadministrasjon til Vestland fylkeskommune og administrativ samanslåing med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dette arbeidet er svært ressurskrevjande for både SVV og HFK/SFFK og kjem tillegg til oppgåvene rundt drift og investeringar i fylkesvegar, planlegging og budsjettarbeid mv.

Fylkesrådmannen håpar at vi med dette har svart ut dei spørsmåla som Kontrollutvalet har reist i saka.